

NÅR FOLK JUBILERER FORTENER DEI EIN OMTALE.

Set deg ned og skriv nokre gode ord til slekt og vener, gjerne med bilete. Hugs fullt namn på jubilar og avsendar. Send til redaksjonen@sunnhordland.no

● GO'UNGEN



Emil Hillestad. Me vil gratulera den kjekke og snille fotballstjerna og storfiskaren våras med 7 årsdagen i dag 29.11. Me gler oss til å feira deg go'guten våras. Me er veldig glad i deg. Masse klemmar frå mamma, pappa, Veslemøy og Sverre, Tussi helsar og.



Emil Hillestad. Gratulera til godguten Emil som fyller 7 år 29. nov. Me vil og gratulera Emil som nett er blitt storebror. Glad i deg. Bursdagsklem fra besten, besto, onkel Laffen, tante Hanne, Ola og Lars.



Daniel, Edle og Liva Gulliksen 6 år. Hurra for dei kjekke 1. klassingane i Stavanger som fylte 6 år 28.november. Me gratulerar med overstått! Bursdagsklemmar fra bestemor og bestefar og resten av familien.



Vida Ekre Eilertsen. Hipp hurra for den flinke, store, fine jento våras! Gratulera så masse med 3-årsdagen din, torsdag 30.11. Me er veldig glad i deg. Stor klem fra mamma, pappa, Elmer, Mulle og Tigerpus.



Anna Flatøy Hegdahl. Den blide, gode jenta vår fyller 10 år den 27. november. Med sang og musikk, dans og turn frå tidleg morgon til seine kvelden gjer du kvardagen til ein fest. Me er så glade i deg, kjære Anna. God klem frå bestemor og bestefar, Olav, pappa og mamma.



Oskar Johannes Skåla 10 år Gratulere med dagen til vår kjekke og flinke gut, Oskar. Me er svært glad i deg, vennen vår. Klem fra farmor og farfar.



Ylva Ankervold Teigland Gratulere så mykje med 3 årsdagen til finaste «gullet» vårt, Ylva. God klem frå mormor og morfar.



Jenny Madelen Fure Solheim Me vil gratulere vårt minste gull med 2-årsdagen som er torsdag 30. november. Tida har gått så utrolig fort og du har blitt så stor og flott. Bestemt og veit kva du vil, men det viktigste er at du får det til. Super glad i deg. Klem frå gjengen din.



Ylva Ankervold Teigland 3 år Hipp hurra for kjekke, gode Ylva jento som blir 3 år 29.11. Me er kjempeglad i deg og gleda oss til å feira bursdagen din på lørdag. Klem frå besto, besten, onkel Per, Malin, Elias, tante Mari, onkel Steffen og Lalle.



Bjørn Stokken Salomonsen Gratulera med dagen fotballguten vår! Klem fra Frida, mamma og pappa

Stordabu kåra til årets lærling

Tømrarlærlingen Martin Aadland Vad i Engelsen Bygg får heider og ære – og pengepremie.

Martin Aadland Vad (19) frå Stord og Sindre Refvik (19) frå Refvik i Vågsøy er begge kåra til årets lærling i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet. Vad er tømrarlærling i Engelsen Bygg, og Refvik er tømrarlærling i UNU.

Vinnarane fekk overrekt 10.000 kroner og diplom av fagopplæringsjef Torbjørn Mjelstad i Hordaland fylkeskommune på eit arrangement i Bergen hos Entreprenørforbundet Bygg – Anlegg, Vestenfjelske avdeling.

Martin Aadland Vad starta læretida hos Engelsen Bygg hausten 2016. Han gjekk toårig byggfagutdanning på Stord vidaregåande skule og skal ta fagprøve i juni. Det er

verksemdene som nominerer dei beste kandidatane til tevlinga om å bli årets lærling, og dei gir ei vurdering av faglege kvalifikasjonar og personlege eigenskapar.

I Engelsen Bygg vart dei imponert over Vad allereie då dei leste søknaden om læreplass:

«Eg er praktisk anlagt og ser mange moglegheiter i arbeidsoppgåvene eller eit problem om det skulle oppstå. Men eg har òg sterke teoretiske evner, som gjer meg i stand til å planleggja og gjennomføra på ein tilfredsstillande måte».

Dette har vist seg å stemma. Han har ikkje hatt fråvær, og viser klar framgang både i faget og i si personlege utvikling. I det meste av læretida har han jobba med bygging av ein ny stasjon for vassverket i Stord kommune, står det i ei pressemelding.

– Martin er ein mønsterlærling. Me er glade for at det finst slike flotte ungdommar som vel yrkesfag. Dei skal byggja



VINNARAR: Martin Aadland Vad (18) frå Stord og Sindre Refvik (19) frå Vågsøy delte førsteprisen i konkurransen om å bli årets lærling i bygg- og anleggsbransjen på Vestlandet i 2017. FOTO: BA VESTENFJELSKE

Norge vidare og oppretthalda tømrarfaget som eit godt val for ungdom som skal ut i læra, seier dagleg leiar Roald Urnes i Engelsen Bygg.

Kåringa av årets lærling er

gjort mellom vel 300 lærlingar i entreprenørbransjen i Hordaland og Sogn og Fjordane. Ein jury med representantar frå Byggopp i Hordaland og Sogn og Fjordane, fagopplærings-

kontoret i Hordaland fylkeskommune og Fellesforbundet tek den endelege avgjerda.

► **Vidar Hope**

vidar@sunnhordland.no